



Notat

Dato: 02.04.2014
Arkivsak: 2014/14774-1
Saksbehandlar: hanglop1

Til: Kommunane i Hordaland

Frå: Hans Inge Gloppen

Breibandsutbygging - Nasjonal tilskotsordning 2014 - Informasjon til kommunane

Den nye tilskotsordninga for breibandsutbygging er no open for søknader. Tilskotsordninga blir forvalta av Post- og teletilsynet (PT) i samspel med fylkeskommunane. Stønadsordninga skal finansiere utbygging av breiband i område der dei kommersielle aktørane ikkje finn det lønsamt å byggje ut breiband. Det er også mogleg å søkja om støtte til utbygging av auka breibandskapasitet i område med eit eksisterande tilbod, men der kapasiteten er låg, og det ikkje er forventet kommersiell utbygging av breiband med høg kapasitet i dei næraste åra.

Søknadsfristen er 6. juni 2014. Denne fristen kan bli lengd i påvente av at tilskotsordninga skal notiserast til EFTA sitt overvaksingsorgan (ESA) basert på retningslinene til EU-kommisjonen for statleg stønad til breibandsutbygging. Utlysinga av midlar skjer med atterhald om at ordninga blir godkjend av ESA.

Kriteria for tildeling av midlar går fram i et eige skjema som skal leggjast ved søknaden. Dette skjemaet kan lastast ned på PT si nettside. Her vil du også finna ei rettleiing for utfylling av søknaden.

- Søkjar om tilskot må anten vera ein kommune eller ein fylkeskommune. Søkjar får rolla som prosjekteigar og ansvarleg for gjennomføringa av prosjektet, og forvaltning av tildelte prosjektmidlar. Prosjektet kan vera eit samarbeid mellom mange partnarar, som til dømes kommunar, regionråd, grendelag og private aktørar.
- For søknader som vert innvilga skal utbyggingsprosjektet leggjast ut på anbud.
- Kommunar som planlegg å søkja om tilskot til breiband kan allereie no få lokale dekningskart hos PT. Bestilling kan sendast pr. e-post til firmapost@npt.no merka «Dekningskart for breiband». Karta blir produsert av konsulentfirmaet Nexia basert på den nasjonale dekningsundersøkinga i 2013. Det er viktig at kommunane i tillegg gjer eigne undersøkingar, då det kan vera feil eller manglande informasjon i datagrunnlaget for karta.
- Kommunar som søker om tilskot skal offentleggjera informasjon om kva geografisk område den planlagde utbygginga gjeld, med høyringsfrist på minst 1 månad. Offentleggjing kan skje på kommunen si heimeside, men i tillegg skal lenke til denne informasjonen sendast PT på epost: van@npt.no som vil publisera ein nasjonal oversikt over planlagde prosjekt.
-

Søknader skal sendast inn via søkesystemet regionalforvaltning.no:

https://www.regionalforvaltning.no/Startside/Velkommen.aspx?Ordning_Id=616&Cookie=0

Informasjon om ordninga og søknadsskjema:

<http://www.npt.no/teknisk/bredb%C3%A5nd/utbygging/nasjonal-st%C3%B8nad-til-breibandutbygging>

Kontaktpersoner hos Post- og teletilsynet er: Vanja Grut (van@npt.no) og Torgeir Alvestad (toa@npt.no)

Rettleiingstenesta for ordninga er organisert fylkesvis. Kontaktperson hos Hordaland fylkeskommune er: Hans Inge Gloppen: e-post: hans.inge.gloppen@hfk.no